



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Digitalt møte, Teams

Dato: 26.04.2023

Tidspunkt: 10:00 - 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Skjerdal	Leiar	Aurland kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Audun Mo	Nestleiar	Lærdal kommune
Bjørg Djukastein	Medlem	Voss herad

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Møtet vart gjennomført som digitalt møte.

Andre frammøtte:

Namn

Anbjørg Nornes

Maria Baudonnel Underdal

sekretær / verneområdeforvaltar

rådgjevar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Trygve Skjerdal

Marta Sofie Vange

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 16/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 17/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 18/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 6/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel vinterføre - transport av utstyr		2023/3038
ST 19/23	Bleia-Storbotnen landskapsvernområde - motorisert ferdsel i samband med bygging av ny 420 kV-leidning Sogndal-Aurland - endring		2022/6368

ST 16/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2023

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 17/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2023

Handsaming i møte

Framlegg på Marta Sofie Vange til å skriva under møteprotokollen.

Vedtak

Marta Sofie Vange vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 18/23 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2023

Handsaming i møte

Referatsaker vart laft fram til orientering.

Styret diskuterte spørsmål om kjøp av stein til bålplassar på rasteplassar langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Trygve Skjerdal deltok ikkje i møte under denne saka. Forvaltarane har henta inn pris frå fleire verksemder. Det er liten skilnad på steinen som kan leverast, og steinen er frå Voss eller Aurland. Det er stor skilnad på pris mellom dei ulike leverandørane. Styret meiner den billigaste løysinga må veljast når det er liten skilnad på steinen.

Vedtak

Referatsakene vart tatt til orientering.

ST 19/23 Bleia-Storbotnen landskapsvernområde - motorisert ferdsl i samband med bygging av ny 420 kV-leidning Sogndal-Aurland - endring

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2023

Handsaming i møte

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statnett dispensasjon til å fly og lande med helikopter i Bleia-Storbotnen landskapsvernområde i samband med bygging av ny 420 kV-leidning, og riving av eksisterande 300 kV-leidning. Det kan nyttast gravemaskin til arbeid med etablering av nye mastepunkt, jf. løyve til å oppgradera og fornye 300 kV-leidning, vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre 14. juni 2022.

Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Bleia-Storbotnen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og tredje alternativ. Dispensasjonen er gjeve med fylgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld i anleggsperioden med etablering av ny kraftlinje og riving av eksisterande linje. Perioden er frå 01.05.2023 til 31.12.2026.
- Lågtflyging og landinga med helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for frakt av personar og utstyr i samband anleggsarbeidet.
- Flyginga skal fylgja korridoren som er merkt på Oversiktskart, 420 kV Sogndal – Aurland gjennom Bleia-Storbotnen landskapsvernområde (vedlegg til søknad), og med utviding av 200 meter til kvar side for eksisterande leidning og ny leidning.
- Det kan nyttast gravemaskin på inntil 15 tonn til graving av mastefundament. Gravemaskina skal ha gummibelte for å minske terrengskade.

- Gravemaskinene skal så langt det er mogleg køyrast på snødekt eller frosen mark til mastepunkta i verneområdet. Gravemaskin skal beltast på eksisterande køyrespor der dei framleis er synlege. Maskina skal beltast gjennom terrenget langs markert linje og inntil 50 meter til kvar side. For å unngå terrengskade ved belting av gravemaskin, skal det gjerast terrengforsterkande tiltak som utlegging av matter eller anna terrengforsterking. Eventuelle køyrespor skal slettast til og revegeterast med stadeigen masse.
- Maskin og utstyr som vert nytta i verneområdet skal vera vaska og reingjort før dei vert frakta inn i verneområdet, for å unngå spreiding av framande artar.
- Under transport skal det visast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- I samband med inspeksjon og oppfølging av arbeidet kan det køyrast med snøskuter på snødekt mark. Det kan ikkje køyrast med ATV på barmark.
- Det skal meldast frå til Statens naturoppsyn (mobil 97097720) ved oppstart og ved avslutning av anleggsarbeidet det enkelte året.
- Det skal vere ei sluttsynfaring med forvaltar ved avslutning av arbeidet med 420 kV-leidninga for å sjå til at tilstellinga etter arbeidet er tilfredsstillande.